

# **VEDTEKTER KONSESJONSFONDET HYLLESTAD KOMMUNE**

## **§ 1 HEIMEL, KAPITAL, STRATEGI**

Konsesjonsfondet i Hyllestad kommune er eit kommunalt fond som får årleg tildeling frå Sunnfjord Energi AS.

## **§ 2 FØREMÅL**

Konsesjonsfondet skal vere eit verkemiddel i arbeidet med å styrke næringsliv, busetjing og organisasjonsliv i Hyllestad kommune.

Fondet kan nyttast til å fremje etablering av ny næringsverksemd og til vidare utvikling av eksisterande verksemder. Fondet kan også nyttast til infrastrukturtiltak, kulturføremål, tilrettelegging av kommunale næringsareal, fellesanlegg, investeringar i fysiske miljø og vassforsyning til den faste busetnaden, samt prosjekt som bidreg til å betre sysselsetjinga for kvinner og ungdom.

Fondet kan òg nyttast til utgreiings- og tilretteleggingstiltak i regi av offentleg myndigheit, organisasjonar eller andre samarbeidsgrupper, med mål å auke kunnskapen om utviklinga i eit distrikt, ein bransje eller i form av opplærings-, omstillings-, mobiliserings- og områderetta bygdeutviklingsprosjekt.

Fondsmidlar kan ikkje nyttast til tradisjonell bruksutbygging i landbruket.

Det kan ikkje gjevast støtte frå fondet til gjeldssanering, driftstilskot til verksemder eller til ordinære kommunale oppgåver som tildømes avlønning av tiltakskonsulent. Det kan heller ikkje gjevast støtte frå fondet til verksemder som mottar omfattande overføringar over offentlege budsjett, unntatt er verna verksemder.

## **§ 3 STØNADSFORMER**

Støtte frå fondet vert gjeve som tilskot. Det er høve til å nytte midlar frå Konsesjonsfondet til å teikne kommunale aksjar i eller gje støtte til næringssselskap, utleigebygg eller anna verksemd som kommunen eig saman med andre interessentar.

## **§ 4 FORVALTNING AV FONDET**

Formannskapet er fondsstyre i søknader om midlar frå Konsesjonsfondet.

Vedtak i formannskapet kan ikkje påklagast.

Administrasjonssjefen, eller den han gjev mynde, er sakshandsamar for fondsstyret, og skal gje rettleiing til søkjarar til fondet slik at søknadane vert godt dokumenterte.

Det skal ligge ute informasjon om Konsesjonsfondet på kommunen si heimeside.

Årleg bruk av Konsesjonsfondet skal ikkje vere på meir enn siste års tildeling og tillagte renter. Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid.

## **§ 5 RAPPORTERING**

Kommunen skal kvart år utarbeide ein rapport, som skal innehalde rekneskap og ei vurdering av bruken av det kommunale Konsesjonsfondet.

Sist revidert i k.sak 039.11 – 01.09.2011

Tidlegare revisjon i k.sak 020.08 – 02.04.08